



Klart for innflytting



Prosjektbakgrunn:

I tråd med regjeringa sin nasjonale strategi for bustadsosialt arbeid, vedtok Eid kommunestyre i 2013 ein **bustadsosial handlingsplan**. Planen har målsetjing om systematisk, langsiktig og målretta tiltak for å kunne tilby bustader til grupper som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølve. God bustadfordeling er ein føresetnad for at alle innbyggjarar skal kunne bu trygt og godt, uavhengig av sosiale, helsemessige eller økonomiske føresetnader.

Eit viktig mål for bustadsosialt arbeid er ei variert lokalisering av bustadane, slik at flest mogeleg skal kunne bu i ordinære bustader og vere ein del av det vanlege bumiljøet.

"Alle skal kunne bu trygt og godt"

Bustadsosial handlingsplan

Busetting av flyktningar

Den nye kommunale bustaden i Prestalleen er no i ferd med å bli ferdigstilt og klargjort for innflytting – og fleire av våre nye innbyggjarar ser fram til å få ein heim, og ein trygg og god kvardag her på Eid.

Prestalleen 33 består av totalt 9 bustadar, 3 i 2. etg. med 3 soverom og 6 i underetasjen berekna for einslege. Bustadane er i fyrste rekkje tiltenkt flyktningar, men vil etter behov også bli nytta av andre som treng hjelp til bustad.

Dei fyrste som flyttar inn kjem ila veke 26; 2 einslege vaksne frå Eritrea flyttar inn i kvar si leilegheit nede. Veka etter skal etter planen ein syrisk familie på 5 inn i ei av leilegheitene i 2 etg.

Vidare plan for disponering av bustadane vert lagt i løpet av juni, og innflytting vil skje etter behov utover sommaren og hausten.

Flyktningane som kjem gleder seg til å komme på plass og bli kjende med sin nye kvardag her på Eid. Enkelte har vore ei stund i mottak og allereie lært seg litt norsk, andre er overføringsflyktningar og kjem direkte frå flyktningeleir. Av desse har gjerne barnefamiliar prioritet.

Flyktningtenesta i Eid kommune har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningane som kjem; ta dei i mot og hjelpe dei i etableringsfasen slik at prosessen skal bli best mogleg. Målet er å gje flyktningane ein

forts. side 2.

god start på sitt nye tilvære. Skape økonomisk og sosial tryggleik, samt høve til å kvalifisere seg for arbeid eller utdanning.

Straks flyktningane er på plass og har kome seg i orden i den nye heimen, startar dei opp på eit introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet skal gje flyktningane grunnleggjande ferdigheiter i norsk, gje grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, og forberede dei på deltakelse i yrkeslivet. Introduksjonsprogrammet er eit heilvekers- og heilårleg kvalifiseringsprogram som går over 2 år, i tett samarbeid med vaksenopplæringa og NAV. Kvalifiseringsløpet skal liggje så nær opp til normalarbeidsdagen og arbeidslivet sine reglar som mogleg. I tillegg til dette får flyktningane tilbod om frivillige aktivitetar som handtverk, symjing m.m.

Flyktningtenesta har også ei fadderordning og tek imot hjelp og bistand frå lokalmiljøet knytt opp mot dei flyktningane som kommunen tek i mot. Det kan vere så enkelt som å gå på besøk, ta nokon med på tur/aktivitet, lære vekk ting, prate saman, eller vere hjelpelærer for barna. Rett og slett ting som gjer det enklare for den nybusette å bli ein del av lokalsamfunnet.

Eid kommune har ei målsetjing om å busette i snitt 30 flyktningar per år. Av desse skal 3 einslege mindreårige prioriterast.

Det følgjer ekstra statlege tilskot med busetting av flyktningar. Desse tilskota dekkjer både opplæring og anna aktivitet, stillingar i flyktningteneste, finansiering av bustader samt styrka ressursar i skule og barnehage.

Avdelingsleiar for flyktningtenesta og vaksenopplæringa i Eid kommune er Rune Engeseth.

Har du spørsmål, ta kontakt!

Prosjekt: Prestalleen 33

Jonfinn Hole, byggeleiar Eid kommune
Tlf 908 23 103
jonfinn.hole@eid.kommune.no

Flyktningtenesta Eid kommune:

Rune Engeseth, avdelingsleiar i Eid kommune
Tlf 922 36 743
rune.engeseth@eid.kommune.no



Eid kommune

eid